

## ÅRSMELDINGAR 1977



VTI sitt gutelag 1977. Leiar: Helge Myklebust.

ÅRSMØTE 1977  
PÅ SAMFUNNSHUSET I VOLDA  
TYS DAG 25.OKT. KL.18.00

#####

SAKLISTE:

1. Årsmeldingar.
2. Rekneskap
3. Fastsetjing av kontingent.
4. Innkomne forslag:
  - nedlegging av banenemnda.
  - banenemndfunksjonane over til ein styremedlem i arbeidsutvalet.
5. Ymse.
6. Val av formann, nestformann, sekretær, kasserar og styremedlem i arbeidsutvalet.  
Val av gruppestyre.

FOR HOVUDSTYRET I V.T.I.

Jan Driveklepp,  
formann.

## HOVEDSTYRET SI ARSMELDING FOR 1976/77.

### Arbeidsutvalet i år:

Jan Driveklepp, formann  
Knut Bere, nestformann.  
Olai Egset, sekretær.  
Harry Johansen, kasserar.  
Arna Standal Egset, styremedlem.

Varamenn har vore Olav Norheim og anders Heltne.

Hovedstyret har som vanleg vore samansett av arbeidsutvalet og samtlige gruppeformenn.

I arbeidsåret 1976/77 har det vore i alt 11 møte i arbeidsutvalet og 12 hovedstyremøter.

Arbeidet i hovedstyret dette året har vore sterkt konsentrert omkring to hovedområder, nemleg anleggssektoren og økonomien.

Når det gjeld anleggssektoren er det særleg Volda Stadion II (eller treningsbana) og alpinanlegget på Reset som har lagt beslag på mest tid.

Volda Stadion II er no komen så langt at det er klart for utlysning av entreprisen. Hovedstyret sette ned ei førebuingnemnd der Knut Bere, Jac. Heltne, Alf Vatne og Olai Egset var medlemmer. Denne nemnda har i samarbeid med formannen, ordna med planlegging, arealvalg, samarbeidsopplegg med kommuna, finansiering og søknad om tippemidlar. Kommunen ga kommunegaranti for låna 26.9. 77, og dette må kunne karakteriserast som eit føreløbig gjennombrøt for Volda Stadion II. Førebuingnemnda fortentar stor honnør for sitt arbeid.

Alpinanlegget på Reset er eit samarbeidsprosjekt med Volda Skisenter A/S. VTI står som formell eigar av

alpinanlegget, leigar av grunnen og søkjar av tippemidlar. VTI kom noko brått inn i dette anlegget fordi Skisenteret av formelle grunnar ikkje kunne søkje om tippemidlar. For VTI må det imidlertid vere ein ideell situasjon å kome i sjølv om det medførte eit stort meirarbeid å delta i dette planarbeidet i tillegg til alt anna midt på sommaren. VTI har imidlertid fått nok eit anlegg, og bør vere stolt av det.

Vi vil også nemne at orienteringsgruppa har to orienteringskart under anlegg.

Hovedstyret vedtok i møte 29.11.76 ei prioriteringsliste for anlegg:

1. Orienteringskart
2. Treningsbane ved Volda Stadion (Volda Stadion II)
3. Hus på Reset
4. Løpebane på Reset.

Som nemnt tidlegare har dei to første langt på veg blitt gjennomførde, og no står hus på Reset og løpebana for tur. Dette blir det opp til det neste styret å prøve å realisere.

Økonomien i år er meir anstrengt enn på lenge, og det er nok berre eit tidsspørsmål før hovedstyret seriøst må vurdere enten å redusere aktiviteten eller å finne nye finansieringskilder. Likviditeten har i år blitt om lag kr 10 000 svakare, og dette er svært alvorleg når likviditeten allereide ifjor var dårleg. Økonomien er avhengig av danseinntekter og offentlege kulturpenningar, og sidan begge desse i år har stagnert, har problema blitt store.

Kiosken på Volda Stadion vart i år overført frå sjølvstendig status til å bli lagt til fotballgruppa. Avtale om dette kom i stand i løpet av våren 1977.



Hovedstyret har følgd idrottshallsaka nøye og seier seg glad for at denne saka er i orden. Vi gjev også honnør til dei som har stått i spissen for dette arbeidet.

Totalt sett må ein seie at anleggssektoren i år har gjort eit langt hopp framover når det gjeld idrott i Volda. Det vart i år søkt om tippemidlar til i alt 6 anlegg i Volda kommune.

Den idrottslege aktiviteten i VTI har i år vore usedvanleg stor, og vi syner til meldingane frå gruppene når det gjeld dette.

Hovedstyret vil takke alle tillitspersonar og alle aktive som kvar på sin måte har skapt ei uhyre positiv ånd i VTI.

Lukke til vidare!

For styret i VTI

Jan Driveklepp, formann.

på Reset, og dette arbeidet vonar vi å verte ferdige med i oktober.

- IV. Inntektene gruppa har fått i år er av to dansar og sal av juletre frå Flommen.

Når det gjeld løparane våre, har vi i klassa 10-13 år sendt avgarde mellom 8-12 deltakarar i kvart renn, og i jr. og s.jr. mellom 6-8 deltakarar. Av resultatata kan vi nemne at gutane i 10 - 13 årsklassa har fått 6 - 1.plassar og 2 - andre plassar og fleire andre bra plasseringar. Junior- og seniorløparane har så det syner seg at gruppa er i framgang.

Vi kan og nemne at Vidar Egset vart utteken av skikretsen til Donald Duck renna på Kongsberg i februar.

For alpingruppa

Per Gunnar Gausdal  
(form.)

## ARSMELDING FOR FOTBALLGRUPPA I VTI.

Styret i arbeidsåret 1976/77 har vore:

Alf Vatne, formann  
Harald Indresøvdde, sekretær  
Bjørn Aarflot, kasserar  
Terje Lillås, oppmann

Fotballgruppa i VTI kan sjå attende på ein vellukka sesong 76/77. Alle dei 5 gruppene i laget har gjort ein solid og fin innsats. Ei særskild takk til trenarar/ oppmenn i kvar avdeling. Dei gjer ein god jobb. Det er ikkje mange som veit kva arbeid som ligg bak etter at sesongen er over, med treningar, kampar, reiser m.m.

Skåret i glede er nok at A-laget heller ikkje i år greidde å spele seg opp ein divisjon. Men det er ein fin gjeng no, så eg trur ikkje det er langt att før dei no tek til å klatre oppover. Trenar for A-laget har vore Roal Kjørstad.

Jr.-laget har for det meste trent saman med A-laget, og har hatt Gunnar Langlo som oppmann. I skrivande stund er dei enno ikkje ferdige med serien. Det står att 3 kampar.

Gutelaget har hatt Hans Magnus Helset som trenar/oppmann. Laget vann si avd., men i 1. runde i Km-kampane vart det tap, for Hødd.

Også smågutelaget til Helge Myklebust måtte gi tapt for Hødd i 1. Km-kamp. Laget vann klart si avdeling, med ein målskilnad på 80-0. Laget var også i år med i den store Skandia-cupen i Trondheim. Dei vart i år nr.17.

I Lilleputtserien har VTI i år stilt med 2 lag. Dei har gjort det godt. Leiarar for desse to laga har vore Øyvind Holsvik og vaktmeister Tangen (DH).

I Volda-turneringa var det i år Volda som tok eit napp i den oppsette vandrepokalen. Mork I.L. som vann året før, stilte ikkje opp i år.

Styret i fotballgruppa har siste arbeidsåret hatt 12 møte, der ei mengde saker har vore oppe.

Fotballgruppa har i år fungert som "banemeister" for Volda stadion, og dette har ført til mykje ekstraarbeid for dei aktive spelarane. Det har vore halde 8 dugnadar på stadion, der gjennomsnittleg 15 mann har vore i arbeid ca. 3 timar kvar gong. Ei særskild takk bør gå til Rolf Liaskar, som vel har fungert som banemeister.

Vi har i år drive kiosken ved stadion sjølve, og dette har gitt ei fin ekstra-inntekt for ein stram økonomi. Bøygen for fotballgruppa er framleis, og vil nok vere, økonomien.

Underteikna takkar med dette for meg. Når det no er gjeve klar-signal for ny grusbane ved stadion, trur eg verste kneiken er over for fotballgruppa i VTI, - når det gjeld det sportslege.

Alf Vatne

## ARSMELDING FOR HANDBALLGRUPPA 1976/77.

Styret har vore slik samansett:

Formann: Jan Løseth  
Sekretær: Ove Krumsvik  
Kasserar: Bjørn Kåre Jensen  
Styremedlem: Bjørn Skogen  
Jan Helge Løseth.

Krinsseriane:  
-----

V.T.I. stilte med 6 lag i seriane.

Jenter 15 år:  
Jenter 17 år:  
Gutar 16 år: 6.plass (6 lag)  
Damer 4. div. (Trekkt frå serien p.g.a. at dei ikkje møtte til alle kampene.)  
Herrar 3.div.: 8. plass (10 lag)  
Herrar 4.div.:

Resultatet av seriane denne sesongen er vel det svakaste som handballgruppa nokon gong har hatt. Herrelaget i 3.div. var klar for 4.div. etter at det var klart at Herd